

**Fra:** Geir Hølleland <gholleland@gmail.com>  
**Sendt:** 14. oktober 2014 21:08  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Byggeløyve

Hei!

Vi har frå kommunen fått godkjent oppføring av rekkegarasje i Galtenesvegen. Eg viser til kartet under. Det skal byggjast 3 garasjar (rekkegarasje) som dekker dei 3 midterste felta der som det står 119, 120, 124-126. No viser det seg at plassen der garasjen skal stå ikkje er heilt plan, men haller ned mot vegen slik at det blir litt over 0,50 meter høgdeforskjell der rekkegarasjen skal stå. Det blir derfor nødvendig å senke dei to garasjane som står nærmast vegen med 25 cm slik at det blir ein såkalla trappegarasje med eit trinn. Dette er også gjordt på garasjen merka 153 på kartet. Plasseringa i terrenget blir uendra. Vi ser på dette som ei nødvendig og bagatellmessig endring i høve dei opprinnelege planane, men ønskjer å informere kommunen om denne justeringa. Eg er takksam for tilbakemelding på dette. Det er firmaet Bergensgarasjen som skal setje opp bygget.

Mvh Geir Hølleland (dei to andre som er med på garasjeprosjektet er Rune Nilsen og Jurgen Steinhoff)

